

OVERPRØVA AVGJERD I HUSLEIETVISTUTVALET

Høvet partane har til å få avgjerda overprøvd følgjer av *Forskrift om Husleietvistutvalet* § 15. Dersom du ynskjer å få overprøvd avgjerda i Husleietvistutvalet, må du i tilfelle bringa saka direkte inn for tingretten.

Frist for å bringa saka inn for tingretten

Fristen for å bringa saka inn for tingretten er 1 måned frå den dagen avgjerda vart kunngjort.

Kvar skal saka bringast inn?

Saka vert bringa inn for den tingretten som har myndigheit i området der kor leigeobjektet ligg. Ho kan òg bringast inn for tingretten der saksøkte (motparten) bur. Dersom saksøkte er ei verksemd kan ein reisa saka ved tingretten der hovudkontoret til verksemda ligg.

Korleis bringar ein saka inn for tingretten?

Du kan bringa saka inn for tingretten ved å senda ei «stemning» (klage) til tingretten.

I stemninga skal du visa til kva for avgjerd du ønskjer å få overprøvd (med saksnummer), opplysa om kva for endring du krev og kva du meiner er feil ved avgjerda. Avgjerda skal sendast til tingretten saman med stemninga.

Dersom du ikkje har advokat, kan du levera stemninga munnleg ved at du møter personleg ved tingretten, så hjelper dei deg med å skriva stemninga ned.

Stemninga er bringa inn til rett tid når ho er postlagd innan fristen går ut.

Dersom du ynskjer ei overprøving berre av sakskostnadsavgjerda til HTU, kan du setja fram «*anke*» til tingretten innan 1 måned etter at avgjerda vart kunngjort. Anka skal setjast fram på same måte som ei stemning.

Meld frå til Husleietvistutvalet når du bringar saka inn for tingretten

Dersom du bringar saka inn for tingretten, bed vi om at du sender ei melding til Husleietvistutvalet om dette. Husleietvistutvalet kan på førespurnad senda saksdokumenta til tingretten, og har behov for å få vita resultatet av tingretten si avgjerd i saka (få dommen frå tingretten).